Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Helse

Koronatelefon

Bygland kommune samarbeider med Evje og Hornnes kommune om "Koronatelefon"

Telefonen er bemanna av helsesjukepleiarar, og her kan du som innbyggjar kome med helserelaterte spørsmål i forhold til korona; alle vekedagar frå kl. 09.00 – 12.00 og kl. 13.00 – 15.30
Telefonnummeret er **911 24 143**



Meld frå om du er i karantene!

Alle som er i karantene i høve dei nasjonale retningslinene må melde frå til kommunen.

Vi ønskjer fortrinnsvis beskjed på e-post, men er og tilgjengelege på telefon.

E-post: jorunn.tveiten@bygland.kommune.no; tlf. (09.00 – 18.00): 911 10 075

Vi gjer merksame på at dette telefonnummeret kun er for registrering av karantenetilfelle. Det er ikkje muleg å få svar på medisinskfaglege spørsmål!

Les meir om karantene og isolering på Folkehelseinstituttet sine nettsider [fhi.no](https://www.fhi.no)

Pleie og Omsorg

Nye retningslinjer for besøk ved kommunale helseinstitusjonar

Med bakgrunn i tilrådingar frå Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet, er besøksforbodet ved kommunen sine helseinstitusjonar oppheva med verknad frå og med 02.06.2020.

Det er viktig å presisere at det framleis er restriksjonar rundt besøkssituasjonen. Basert på nasjonale tilrådingar har Bygland kommune utarbeidd følgjande retningslinjer for besøk:

Lenke til nasjonale tilrådingar finn du her:

<https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/helsepersonell/sykehjem-og-smittevern-mot-covid-19/>



Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Overordna retningslinjer:

- **Kven kan besøke:** Nær slektning eller god ven, avgrensa opp til 3 personar utan symptom og som ikkje har vore i kontakt med kjent smitte. Personane må ha oppheldt seg i Noreg dei siste 11 dagane.
- Avtal besøk på førehand ved at ein ringer til avdelinga for å avtale tidspunkt:
Telefon Byglandsheimen: 94532942
- Besøksdagar og -tid:
 - måndag: kl. 16.30 - 18.30
 - onsdag: kl. 16.30 - 18.30
 - laurdag: kl. 16.00 - 18.00
 - Omfanget av dette vil bli evaluert og tilpassa behovet.
- Tidsramme for kvart besøk er inntil 30 minutt.
- Besøket blir gjennomført på eigen besøksstad på sjukeheimen. For bebuarar i omsorgsbustader kan besøket skje i leilegheit.
- Det blir ført logg over besøkande av omsyn til framtidig smittesporing. Loggen vil bli handsama i tråd med gjeldande retningslinjer for personvern (GDPR).

Under besøk:

- Tilsette henter besøkande ved hovudinngang og følger med til besøksstaden.
- Besøkande utfører god handhygiene før og etter besøk. Handdesinfeksjon er tilgjengeleg ved hovuddør, samt på besøksstaden.
- Tilsette informerer besøkande korleis dei best kan beskytte seg sjølve og pasienten mot smitte ved å halde minst 1 meters avstand til andre, gå direkte til besøksstad og ikkje opphalde seg i fellesareal.
- Om det ikkje er mogleg å halde minimumsavstand på 1 meter og unngå fysisk kontakt må besøkande ha på seg munnbind, hanskar og smittefrakk under besøket.
- Bebuarane kan få gåver, blomar o.l., men dette må tilsette ta imot når ein møter opp. Det vil då bli gjort ei smittevern-vurdering i kvart enkelt

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117



KVA SKJER I BYGLAND?

JUNI 2020

Mange arrangement er framleis avlyst grunna koronautbruddet, men dei fyrste opnar opp att

DATO	ARRANGØR; STAD	TID	ARRANGEMENT
tysdagar	Bygland frivilligsentral	Kl. 11.00	Gåtur på dagstid
onsdag 03.06.	Vonheim bedehus	Kl. 18.00	Informasjonsmøte for konfirmanter
		Kl. 19.00	Soknerådsmøte
sundag 07.06.	Årdal kyrkje, Grendi	kl. 16.00	Gudsteneste
tysdag 09.06.	Bygland frivilligsentral	Kl. 18.00	Bingo
tysdag 16.06.	Bygland frivilligsentral	Kl. 11.00	Gåtur på dagstid
torsdag 18.06.	Bygland oppvekstsentra		siste skuledag
laurdag 20.06.	Turistkontor (Glashytta)	Kl. 11.00	Sesongopning turistkontor
sundag 21.06.	DS Bjoren; Byglandsfjord	kl. 11.00	Open tur
	Tveitå på vestsida av Byglandsfjord	kl. 12.00	Gudsteneste
tysdag 23.06.	Bygland frivilligsentral	Kl. 18.00	Bingo
sundag 28.06.	DS Bjoren; Byglandsfjord	kl. 11.00	Open tur
	Bygland bygdekvinnelag; sørenden av Fånekleiva	Kl. 13.00 – 14.00	Fånekleivsmarsjen
tysdag 30.06.	Bygland frivilligsentral	Kl. 11.00	Gåtur på dagstid

Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 10:

Bilete: Framside: Marit S. Kvaale, Innhald: Marit S. Kvaale, pixabay.com, Malin Hegenscheidt, Hind Helene Harira, Susanne Hegenscheidt; Kva skjer: Geir Daasvatn; Redaksjonsnotat: Tone Gakkestad. Tusen takk! Redaksjon: Susanne Hegenscheidt; Korrektur: Mari Rygg E-post: post@bygland.kommune.no Neste utgåve Byglandsnytt: 1. juli 2020

GOD FERIE!



Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117



Byglandsnytt nr.10 – juni 2020

Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland – tlf. 37934700, post@bygland.kommune.no
Neste utgåve: 1.juli Send tips om arrangement til post@bygland.kommune.no innan 29.06.
Bygland kommune si heimeside: www.bygland.kommune.no

Politiske møte, sakspapir og protokollar: www.bygland.kommune.no/innsyn

Rådet for eldre og funksjonshemma: 08.06. kl. 12.00 - Bygland Ungdomsråd: 08.06. kl. 15.30 – Plan, miljø og ressursutvalet: 09.06. kl 13.00 - Formannskapet: 10.06. kl 13.00 – Kommunestyret: 18.06. kl. 9.00

Ver klar over at møteplanen kan bli endra.

Opningstider Bygland kommunehus

Opningstid for publikum blir som før måndag – fredag kl. 10.00 – 14.00, med ei oppmoding om at publikum avtalar time på førehand.

Det vert sett opp antibac-stasjon ved hovedinngang

Legekantor: Vanlege opningstider

NAV: Rettleiingssentret på Bygland er foreløpig stengt for besøk utan avtale. NAV tlf. 55 55 33 33 måndag – fredag kl. 08.00-15.00

Høyringar og offentleg ettersyn (med frist for høyringsuttale)

Det er fleire planar og prosjekt lagt ut for høyring og offentleg ettersyn på både kommunehuset og på kommunen si nettside www.bygland.kommune.no



Ver merksam på frist for høyringsuttale:

- Varsel om oppstart av detaljregulering av gnr/bnr 35/2, Urdvikheii/Lisleheii

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

- Kunngjering av planvedtak for reguleringsplanen for Austad kraftverk med PlanID 201905
 - o Planvedtaket kan påklagast til Fylkesmannen i Agder i samsvar med §§12-12 og 1-9, jf. Kap. VI i forvaltningslova.
 - o Klage må vere sett fram skriftleg til Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland, innan **16.06.20**.
- Mulighetsstudie for Otra elvepark

Ny frist: **20.06.2020**; send e-post til: post@midt-agderfriluft.no

Jobb i Bygland kommune

Det er fleire stillingar ledig i Bygland kommune; meir informasjon finn du på kommunen si heimesida; søknader sender du kun digitalt; ver merksam på søknadsfrist:

- Lærer/adjunkt; 2 x 60%; Byglandsfjord og Bygland oppvekstsenter; frist: **03.06.2020**
- Miljøterapeut psykisk helse og rus; deltid; frist: **09.06.2020**
- Helsesjukepleiar i skulehelsetenesta; deltid; frist: **09.06.2020**



For meir informasjon og søknadsskjema: sjå kommunen si heimesida

Informasjon om arrangement og kommunale møterom

Arrangement

Om du planlegg eit større arrangement i sommar, må du levere ein "smittevernplan" til kommunen i tillegg til ein beredskapsplan.

"Smittevernplanen" skal godkjennast av kommuneoverlegen.

Du kan ta utgangspunkt i Folkehelseinstituttet sine rettleiarar for den enkelte bransjen (www.fhi.no).

Kommunale møterom

Kommunen opnar opp for lån av møterom på kommunehuset. Der skal vere ein ansvarleg møtearrangør som skal syte for at smittevernreglane vert fylgde.



Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Utstyrssentralen har utstyr for å sove ute

Har du tenkt at det hadde vore fint å sove ute ei natt? Men så mangler du utstyret til det? Då ringer du til Utstyrssentralen, og tingar telt/hengekøye, sovepose, kokeapparat, hovudlykt osv. på tlf. **945 02 858**.



Tømekalender for Bygland kommune – juni 2020

Matafall og restavfall: veke 23: torsdag 04.06.

Papir og plast: veke 25: tysdag 16.06.

Matafall og glas/metall: veke 25: torsdag 18.06.

Nesmoen gjenvinningsstasjon: 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (10.06.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (27.06.)

Syrtveit avfallsanlegg: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00-1300 (13.06.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS

e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 37 93 17 00

Forskjellig

Oppdatering på vassføring og vasstand

Otra kraftselskap publiserer varslingar knytta til vasstand og vassføring i sine magasin.

Hald deg oppdatert på dette og eventuelle flaumvarslingar: <https://www.otrakraft.no/> meny punkt «Varslingar»



DS Bjoren og Bygland turistkontor

DS Bjoren kjem til å starte med opne turar den 21. juni, og vil halde fram med det til og med 16. august Segleplanen for sommaren 2020 finn du på kommunen sin heimesida. Turistkontoret på Glashytta held open 20.06.-16.08. kl 11.00 – 17.00



Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Kyrkjene i Bygland

Gudsteneste

sundag 07.06. kl. 16.00 i Årdal kyrkje, Grendi
sundag 21.06. kl. 12.00 på Tveitå på vestsida av
Byglandsfjorden



Soknerådsmøte

Onsdag 03.06. kl. 19.00, Vonheim, Bygland

Konfirmasjon

onsdag 03.06. kl. 18.00, Vonheim, Bygland Informasjonsmøte for nye konfirmanter og føresette:

Kyrjekontoret i Bygland

Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472, kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711,
prostidiakon: Per Emanuelsen: 977 19 173
På kyrkjelyden si Facebookside kjem det stadig nytt stoff. De finn ho her:
www.facebook.com/Byglandskyrkjene/

Bygland frivilligsentral

Frivillige lag og organisasjoner kan søke momskompensasjon



Frå i dag kan frivillige lag og organisasjonar søke om momskompensasjon frå Lotteri- og stiftelsestilsynet som skal fordele 1,685 milliardar kroner i momskompensasjon. Søknadsfristen er 1.september, men fleire lag og organisasjonar må sende søknad via sentralledet som ofte har frist tidlegare. Hugs at alle som søker må vere registrert i Frivilligregisteret. Søknadsskjema og meir om ordninga finn du på www.lottstift.no

Tysdags-open på Bygland frivilligsentral

- Gåtur på dagtid: kvar tysdag kl. 11.00
- Tysdagskafé: 16. og 30.06. kl. 12.00
- Bingo: 09. og 23.06. kl. 18.00



Kontakt Bygland frivilligsentral:

Anne Fauske, tlf.: 945 10 770, e-post: anne.fauske@bygland.kommune.no
eller post@bygland.frivilligsentral.no

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Ta kontakt med beredskapsansvarleg Rune Larsson for rettleiing:
rune.larsson@bygland.kommune.no eller på telefon 913 38 585.

Drift og Forvaltning

Aktuelle prosjekter

Som vanleg er årstida full av gjeremål knytt til årstida og spesielle prosjekt.

- Det er utført **vegarbeid i Ose sentrum** som har betra trafikkforholda og utfordringar med overflatevatn. Tiltaket har gitt eit lyft for heile sentrumet.
- Prosjekt **gatelys** er i rute, og me vil gå hausten i møte med mange nye ledgatelys. Dette vil gi betre lys og rimligare straumkostnader.
- **Heistadstoga på museumsområdet** har fått nytt torvtak.
- Kommunestyret har ferdiggodkjent **kulturminneplan** den 14.05.2020. Det er Bygland kommune sin fyrste kulturminneplan og vil vere eit utgangspunkt for utviklinga at kulturminnearbeidet i kommunen.
- Åtte skuleungdom har søkt på **Sommarjobb i Bygland kommune** og alle har fått tilbod om 3 vekers samanhengande arbeid. I hovudsak vil måling og arbeid på grøntareala stå på arbeidslistene deira. Me ser fram til å få lov å arbeide med ein fin gjeng ungdomar.
- Grunna koronasituasjonen er me litt forseinka med prosjekt **høgdebasseng Byglandsfjord og kjøle - og ventilasjonsprosjekt på Byglandsheimen**. Dette er litt sårbare område med tanke på smittespreiing og me er avhengige av eksterne handtverkarar og planleggjarar for å gjennomføre tiltak. Me satsar på at situasjonen endrar seg til det betre og at prosjekta kan kome skikkeleg i gang utover året.
- Prosjekta med å **oppgradere uteareala på Byglandsfjord oppvekstsenter og i Bygland barnehage** byrjar å nærme seg slutføring.
- Planen for vidare **vegvedlikehald** er å rette på ei problematisk strekning med overflatevatn i Prestlidi samt bytte nokre strekningar med gammalt autovern. Det er mindre rom for å få re-asfaltert diverse strekningar på dei kommunale vegane i 2020.
- Nyinnkjøpt **sandfeiemaskin** til gater og vegar går kvar dag og me er snart ferdige.



Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Økonomi og næring

Innhald: Rekneskap for 2019; Årsmelding for 2019; Gratis bustadtomt; Økonomiske konsekvensane av Covid-19; Statlege eller kommunale tiltak for næringslivet i samband med Covid-19



- **Rekneskap for 2019** vart vedteke av kommunestyret 14.05.20. Rekneskapet for 2019 viser eit meirforbruk (underskot) på kr 1.183.448. I tillegg var det budsjettert med å sette av kr 1.025.799 til disposisjonsfond i 2019. På grunn av svakt rekneskapsresultat var det ikkje mogeleg å gjennomføre denne budsjetterte avsettinga. Den samla summen på kr 2.209.247 er å sjå på som kommunen sitt re ellee meirforbruk i 2019. Dette resultatet er ikkje tilfredstillande og det vil i 2020 bli sett i gang eit arbeid for å få budsjettet for 2021 i balanse.
- **Årsmelding for 2019** vart vedteke av kommunestyret 14.05.20. Årsmeldinga inneheld informasjon om det viktigaste kommunen har utført i 2019. Sjølve dokumentet finn du på heimesida.
- Det er framleis mogleg å få ei **gratis bustadtomt** av kommunen. Det er laga ein presentasjon av dei kommunale bustadtomtene på kommunen si heimeside. Her kan ein finne meir informasjon og bilete frå kvart enkelt tomtefelt ved å trykke på linkane. Vilkår for å få gratis tomt er også lista opp der.
- Per no har ikkje kommunen full oversikt over **dei økonomiske konsekvensane av Covid-19**, men kommunen har fått om lag kr 1,1 mill. i ekstraløyving frå Staten som kompensasjon for bortfall av skatteinntekter og barnehage-/SFO-inntekter. Dei økonomiske konsekvensane vil bli kartlagt i meir detaljert grad på eit seinare tidspunkt.
- Kommunen sitt næringsapparat, med Setesdal Vekst i spissen, har hatt løpande dialog med næringslivet i samband med Covid-19. Næringsdrivande kan og kontakte kommunen viss dei treng hjelp med å søkje på dei **statlege kompensasjonsordningane** eller ønskjer **betalingsutsetting på kommunale krav**. – For å be om betalingsutsetting må de sende ein skriftleg søknad til post@bygland.kommune.no.

For å ta kontakt med Setesdal Vekst send e-post til setesdalvekst@gmail.com

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Etter halvannen måned med heimeskule, opna småskulen og SFO samstundes, 27. april, medan mellomtrinnet og ungdomsskulen opna først 11.mai. Vi er glade for at det blei litt vanleg skule før sommarferien. Også på skulen og SFO er det nye reglar for kven som kan vere saman, korleis ein kan vere saman, og nye rutiner for handvask og hygiene.

Barn, tilsette og føresette har gjort ein kjempeinnsats for å kome gjennom denne våren med mange krevjande endringar. Fleire endringar kjem til å kome, men ein ventar at kvardagen gradvis blir meir som vi var vande med før koronabrotet. Samstundes har situasjonen lært oss mykje, både om moglegheiter i den digitale verda, om å leie og organisere seg sjølv, om smittevern, og om korleis alle sine bidrag tel eit dugnadssamfunn. Dette tar vi med oss vidare!

Det kjem til å kome fleire endringar før oppvekstsentra tar ferie, og vi held brukarar oppdaterte undervegs.

Siste skuledag i år er torsdag 18. juni.

Smitteverntiltak i barnehagar og skolar

Folkehelseinstituttet har kome med ei nivåinndeling av smitteverntiltak med grønt, gult og raudt nivå som viser kva smitteverntiltak barnehagar og skolar skal følge.

Det er den generelle smittesituasjonen i Noreg som avgjer nivået vi skal følge. Regjeringa har i pressemelding 27. mai 2020 informert om at det er forsvarleg å nedjustere smitteverntiltaka frå raudt til gult nivå frå 2.6. Kommunen vil få på plass rutinar og tiltak i barnehagen i tråd med oppdatert veileder i løpet av veke 23



Kultur

Bygland folkebibliotek sommarstengt

Sommarferien på biblioteket blir vekene 28 til og med 32.

Siste biblioteksdag der du kan låne bøker er torsdag 02.07.

Biblioteket opnar att igjen på måndag 10.08.



Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

tilfelle. Nokre gonger kan det vere at gåva/tilsv. må desinfiserast eller vere ei tid i karantene før bebuaren får gåva.

- Om besøkjande har med mat må denne vere klar til servering. Alle som er til stades må utføre handhygiene før ein eter.
- Ved slutten av besøket kontaktar besøkande tilsette ved å ringe tlf. nr. 94532942 eller ved å avtale ønskt tidsbruk. Tilsette følgjer besøkande når besøket er slutt.

Etter besøk:

- Felles berøringspunkt på besøksstad og ytterdør blir desinfisert av den tilsette som følgjer besøkande ut etter besøket.
- Reinholdspersonale gjer reint på besøksstaden før kvar besøksdag.
- Besøkande skal gjerast kjent med at dei ved symptom på Covid-19, skal opplyse om at dei har vore på besøk i institusjon som del av smittesporinga.

Avsluttande merknadar:

Kommunen vil fortløpande vurdere situasjonen og justere desse retningslinene ut frå kva som er behovet. Om smittesituasjonen blir markant forverra, vil ein vurdere å innføre besøksforbod igjen.

Oppvekst

Oppvekstsentra i Bygland

Etter ei lang tid med ein annleis kvardag, er barnehage, SFO og skule i sving att. Det var mykje gjensynsglede blant både vaksne og barn!



Barnehagen har vore open sidan 22. april, med noko avgrensa opningstid. Ungane har vore delt inn i faste smågrupper, og vi har fordelt oss for å halde rett avstand. Nokon har prøvd seg på utebarnehage, andre har fått prøve Årdalshallen som barnehagelokale. Små hender har blitt vaska oftare enn vanleg, og det er ein del ting ein ikkje har kunne gjere, og kanskje ein ikkje kunne leike med dei ein er vant til å leike med.

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Plan og utvikling

Spørjeundersøking om transport og tilgjengelegheit i Setesdal og Åseral

Setesdal Regionråd og kommunane i Setesdal jobbar for tida med eit prosjekt som skal belyse transporttilbod, tilgjenge og mobilitet i Setesdal og Åseral.

Vi ønskjer å sjå på dagens tilbod og bruk, og korleis dette kan bli betre.

Prosjektet er eit stort EU prosjekt og har namnet MARA, som er ein forkorting for «Mobility and Accessibility in Rural Areas». Hensikta med prosjektet er å peke på løysingar som gjer mobiliteten betre i spredt bebygde strøk, og gir innbyggjarane eit betre og meir tilrettelagt tilbod.

Mogelege nye løysingar som kan vurderast er bruk av bil-deling, buss eller anna transport på førespurnad, el-sykkel og el-lastesykkel mm.

Setesdal Regionråd og den enkelte kommune vil i desse dagar sende ut ein spørjeundersøking der man ønskjer svar på kva innbyggjarane meiner om dagens transporttilbod, kva dei meiner kan forbetrast og kva nye løysingar dei ser for seg kan fungere i Setesdal.

Undersøkinga vil føregå fram til 12. juni og vil bli sendt ut som ein link via SMS. Eller du svarer direkte på nettet:

<https://response.questback.com/isa/qbv.dll/ShowQuest?QuestID=5467315&sid=rTWGx27bw4>.

For dei som vil svare på skjemaet manuelt så kan dette hentast på kommunens servicekontor etter førespurnad. Alle svar er anonyme.

Meir informasjon om MARA-prosjektet og kontaktinformasjon:
<http://www.setesdal.no/mara-mobility-and-accessibility-in-rural-areas.6261925-512343.html>

eller på MARA sin nettside (på engelsk): <https://www.mara-mobility.eu/>



Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Helse

Koronatelefon

Bygland kommune samarbeider med Evje og Hornnes kommune om "Koronatelefon"

Telefonen er bemanna av helsesjukepleiarar, og her kan du som innbyggjar kome med helserelaterte spørsmål i forhold til korona; alle vekedagar frå kl. 09.00 – 12.00 og kl. 13.00 – 15.30
Telefonnummeret er **911 24 143**



Meld frå om du er i karantene!

Alle som er i karantene i høve dei nasjonale retningslinene må melde frå til kommunen.

Vi ønskjer fortrinnsvis beskjed på e-post, men er og tilgjengelege på telefon.

E-post: jorunn.tveiten@bygland.kommune.no; tlf. (09.00 – 18.00): 911 10 075

Vi gjer merksame på at dette telefonnummeret kun er for registrering av karantenetilfelle. Det er ikkje muleg å få svar på medisinskfaglege spørsmål!

Les meir om karantene og isolering på Folkehelseinstituttet sine nettsider [fhi.no](https://www.fhi.no)

Pleie og Omsorg

Nye retningslinjer for besøk ved kommunale helseinstitusjonar

Med bakgrunn i tilrådingar frå Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet, er besøksforbodet ved kommunen sine helseinstitusjonar oppheva med verknad frå og med 02.06.2020.

Det er viktig å presisere at det framleis er restriksjonar rundt besøkssituasjonen. Basert på nasjonale tilrådingar har Bygland kommune utarbeidd følgjande retningslinjer for besøk:

Lenke til nasjonale tilrådingar finn du her:

<https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/helsepersonell/sykehjem-og-smittevern-mot-covid-19/>



Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Overordna retningslinjer:

- **Kven kan besøke:** Nær slektning eller god ven, avgrensa opp til 3 personar utan symptom og som ikkje har vore i kontakt med kjent smitte. Personane må ha oppheldt seg i Noreg dei siste 11 dagane.
- Avtal besøk på førehand ved at ein ringer til avdelinga for å avtale tidspunkt:
Telefon Byglandsheimen: 94532942
- Besøksdagar og -tid:
 - måndag: kl. 16.30 - 18.30
 - onsdag: kl. 16.30 - 18.30
 - laurdag: kl. 16.00 - 18.00
 - Omfanget av dette vil bli evaluert og tilpassa behovet.
- Tidsramme for kvart besøk er inntil 30 minutt.
- Besøket blir gjennomført på eigen besøksstad på sjukeheimen. For bebuarar i omsorgsbustader kan besøket skje i leilegheit.
- Det blir ført logg over besøkande av omsyn til framtidig smittesporing. Loggen vil bli handsama i tråd med gjeldande retningslinjer for personvern (GDPR).

Under besøk:

- Tilsette henter besøkande ved hovudinngang og følger med til besøksstaden.
- Besøkande utfører god handhygiene før og etter besøk. Handdesinfeksjon er tilgjengeleg ved hovuddør, samt på besøksstaden.
- Tilsette informerer besøkande korleis dei best kan beskytte seg sjølve og pasienten mot smitte ved å halde minst 1 meters avstand til andre, gå direkte til besøksstad og ikkje opphalde seg i fellesareal.
- Om det ikkje er mogleg å halde minimumsavstand på 1 meter og unngå fysisk kontakt må besøkande ha på seg munnbind, hanskar og smittefrakk under besøket.
- Bebuarane kan få gåver, blomar o.l., men dette må tilsette ta imot når ein møter opp. Det vil då bli gjort ei smittevern-vurdering i kvart enkelt

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117



KVA SKJER I BYGLAND?

JUNI 2020

Mange arrangement er framleis avlyst grunna koronautbruddet, men dei fyrste opnar opp att

DATO	ARRANGØR; STAD	TID	ARRANGEMENT
tysdagar	Bygland frivilligsentral	Kl. 11.00	Gåtur på dagstid
onsdag 03.06.	Vonheim bedehus	Kl. 18.00	Informasjonsmøte for konfirmanter
		Kl. 19.00	Soknerådsmøte
sundag 07.06.	Årdal kyrkje, Grendi	kl. 16.00	Gudsteneste
tysdag 09.06.	Bygland frivilligsentral	Kl. 18.00	Bingo
tysdag 16.06.	Bygland frivilligsentral	Kl. 11.00	Gåtur på dagstid
torsdag 18.06.	Bygland oppvekstsentra		siste skuledag
laurdag 20.06.	Turistkontor (Glashytta)	Kl. 11.00	Sesongopning turistkontor
sundag 21.06.	DS Bjoren; Byglandsfjord	kl. 11.00	Open tur
	Tveitå på vestsida av Byglandsfjord	kl. 12.00	Gudsteneste
tysdag 23.06.	Bygland frivilligsentral	Kl. 18.00	Bingo
sundag 28.06.	DS Bjoren; Byglandsfjord	kl. 11.00	Open tur
	Bygland bygdekvinnelag; sørenden av Fånekleiva	Kl. 13.00 – 14.00	Fånekleivsmarsjen
tysdag 30.06.	Bygland frivilligsentral	Kl. 11.00	Gåtur på dagstid

Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 10:

Bilete: Framside: Marit S. Kvaale, Innhald: Marit S. Kvaale, pixabay.com, Malin Hegenscheidt, Hind Helene Harira, Susanne Hegenscheidt; Kva skjer: Geir Daasvatn; Redaksjonsnotat: Tone Gakkestad. Tusen takk! Redaksjon: Susanne Hegenscheidt; Korrektur: Mari Rygg E-post: post@bygland.kommune.no Neste utgåve Byglandsnytt: 1. juli 2020

GOD FERIE!



Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117



Byglandsnytt nr.10 – juni 2020

Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland – tlf. 37934700, post@bygland.kommune.no
Neste utgåve: 1.juli Send tips om arrangement til post@bygland.kommune.no innan 29.06.
Bygland kommune si heimeside: www.bygland.kommune.no

Politiske møte, sakspapir og protokollar: www.bygland.kommune.no/innsyn

Rådet for eldre og funksjonshemma: 08.06. kl. 12.00 - Bygland Ungdomsråd: 08.06. kl. 15.30 – Plan, miljø og ressursutvalet: 09.06. kl 13.00 - Formannskapet: 10.06. kl 13.00 – Kommunestyret: 18.06. kl. 9.00

Ver klar over at møteplanen kan bli endra.

Opningstider Bygland kommunehus

Opningstid for publikum blir som før måndag – fredag kl. 10.00 – 14.00, med ei oppmoding om at publikum avtalar time på førehand.

Det vert sett opp antibac-stasjon ved hovedinngang

Legekantor: Vanlege opningstider

NAV: Rettleiingssentret på Bygland er foreløpig stengt for besøk utan avtale. NAV tlf. 55 55 33 33 måndag – fredag kl. 08.00-15.00

Høyringar og offentleg ettersyn (med frist for høyringsuttale)

Det er fleire planar og prosjekt lagt ut for høyring og offentleg ettersyn på både kommunehuset og på kommunen si nettside www.bygland.kommune.no



Ver merksam på frist for høyringsuttale:

- Varsel om oppstart av detaljregulering av gnr/bnr 35/2, Urdvikheii/Lisleheii

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

- Kunngjering av planvedtak for reguleringsplanen for Austad kraftverk med PlanID 201905
 - o Planvedtaket kan påklagast til Fylkesmannen i Agder i samsvar med §§12-12 og 1-9, jf. Kap. VI i forvaltningslova.
 - o Klage må vere sett fram skriftleg til Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland, innan **16.06.20**.
- Mulighetsstudie for Otra elvepark

Ny frist: **20.06.2020**; send e-post til: post@midt-agderfriluft.no

Jobb i Bygland kommune

Det er fleire stillingar ledig i Bygland kommune; meir informasjon finn du på kommunen si heimesida; søknader sender du kun digitalt; ver merksam på søknadsfrist:

- Lærer/adjunkt; 2 x 60%; Byglandsfjord og Bygland oppvekstsenter; frist: **03.06.2020**
- Miljøterapeut psykisk helse og rus; deltid; frist: **09.06.2020**
- Helsesjukepleiar i skulehelsetenesta; deltid; frist: **09.06.2020**



For meir informasjon og søknadsskjema: sjå kommunen si heimesida

Informasjon om arrangement og kommunale møterom

Arrangement

Om du planlegg eit større arrangement i sommar, må du levere ein "smittevernplan" til kommunen i tillegg til ein beredskapsplan.

"Smittevernplanen" skal godkjennast av kommuneoverlegen.

Du kan ta utgangspunkt i Folkehelseinstituttet sine rettleiarar for den enkelte bransjen (www.fhi.no).

Kommunale møterom

Kommunen opnar opp for lån av møterom på kommunehuset. Der skal vere ein ansvarleg møtearrangør som skal syte for at smittevernreglane vert fylgde.



Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Utstyrssentralen har utstyr for å sove ute

Har du tenkt at det hadde vore fint å sove ute ei natt? Men så mangler du utstyret til det? Då ringer du til Utstyrssentralen, og tingar telt/hengekøye, sovepose, kokeapparat, hovudlykt osv. på tlf. **945 02 858**.



Tømekalender for Bygland kommune – juni 2020

Matafall og restavfall: veke 23: torsdag 04.06.

Papir og plast: veke 25: tysdag 16.06.

Matafall og glas/metall: veke 25: torsdag 18.06.

Nesmoen gjenvinningsstasjon: 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (10.06.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (27.06.)

Syrtveit avfallsanlegg: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00-1300 (13.06.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS

e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 37 93 17 00

Forskjellig

Oppdatering på vassføring og vasstand

Otra kraftselskap publiserer varslingar knytta til vasstand og vassføring i sine magasin.

Hald deg oppdatert på dette og eventuelle flaumvarslingar: <https://www.otrakraft.no/> meny punkt «Varslingar»



DS Bjoren og Bygland turistkontor

DS Bjoren kjem til å starte med opne turar den 21. juni, og vil halde fram med det til og med 16. august Segleplanen for sommaren 2020 finn du på kommunen sin heimesida. Turistkontoret på Glashytta held open 20.06.-16.08. kl 11.00 – 17.00



Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Kyrkjene i Bygland

Gudsteneste

sundag 07.06. kl. 16.00 i Årdal kyrkje, Grendi
sundag 21.06. kl. 12.00 på Tveitå på vestsida av
Byglandsfjorden



Soknerådsmøte

Onsdag 03.06. kl. 19.00, Vonheim, Bygland

Konfirmasjon

onsdag 03.06. kl. 18.00, Vonheim, Bygland Informasjonsmøte for nye konfirmanter og føresette:

Kyrjekontoret i Bygland

Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472, kyrkjevevjerje: Olav Nilsen: 982 99 711,
prostidiakon: Per Emanuelsen: 977 19 173

På kyrkjelyden si Facebookside kjem det stadig nytt stoff. De finn ho her:

www.facebook.com/Byglandskyrkjene/

Bygland frivilligsentral

Frivillige lag og organisasjoner kan søke momskompensasjon



Frå i dag kan frivillige lag og organisasjonar søke om momskompensasjon frå Lotteri- og stiftelsestilsynet som skal fordele 1,685 milliardar kroner i momskompensasjon. Søknadsfristen er 1.september, men fleire lag og organisasjonar må sende søknad via sentralledet som ofte har frist tidlegare. Hugs at alle som søker må vere registrert i Frivilligregisteret. Søknadsskjema og meir om ordninga finn du på www.lottstift.no

Tysdags-open på Bygland frivilligsentral

- Gåtur på dagtid: kvar tysdag kl. 11.00
- Tysdagskafé: 16. og 30.06. kl. 12.00
- Bingo: 09. og 23.06. kl. 18.00



Kontakt Bygland frivilligsentral:

Anne Fauske, tlf.: 945 10 770, e-post: anne.fauske@bygland.kommune.no

eller post@bygland.frivilligsentral.no

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Ta kontakt med beredskapsansvarleg Rune Larsson for rettleiing:
rune.larsson@bygland.kommune.no eller på telefon 913 38 585.

Drift og Forvaltning

Aktuelle prosjekter

Som vanleg er årstida full av gjeremål knytt til årstida og spesielle prosjekt.

- Det er utført **vegarbeid i Ose sentrum** som har betra trafikkforholda og utfordringar med overflatevatn. Tiltaket har gitt eit lyft for heile sentrumet.
- Prosjekt **gatelys** er i rute, og me vil gå hausten i møte med mange nye ledgatelys. Dette vil gi betre lys og rimligare straumkostnader.
- **Heistadstoga på museumsområdet** har fått nytt torvtak.
- Kommunestyret har ferdiggodkjent **kulturminneplan** den 14.05.2020. Det er Bygland kommune sin fyrste kulturminneplan og vil vere eit utgangspunkt for utviklinga at kulturminnearbeidet i kommunen.
- Åtte skuleungdom har søkt på **Sommarjobb i Bygland kommune** og alle har fått tilbod om 3 vekers samanhengande arbeid. I hovudsak vil måling og arbeid på grøntareala stå på arbeidslistene deira. Me ser fram til å få lov å arbeide med ein fin gjeng ungdomar.
- Grunna koronasituasjonen er me litt forseinka med prosjekt **høgdebasseng Byglandsfjord og kjøle - og ventilasjonsprosjekt på Byglandsheimen**. Dette er litt sårbare område med tanke på smittespreiing og me er avhengige av eksterne handtverkarar og planleggjarar for å gjennomføre tiltak. Me satsar på at situasjonen endrar seg til det betre og at prosjekta kan kome skikkeleg i gang utover året.
- Prosjekta med å **oppgradere uteareala på Byglandsfjord oppvekstsenter og i Bygland barnehage** byrjar å nærme seg slutføring.
- Planen for vidare **vegvedlikehald** er å rette på ei problematisk strekning med overflatevatn i Prestlidi samt bytte nokre strekningar med gammalt autovern. Det er mindre rom for å få re-asfaltert diverse strekningar på dei kommunale vegane i 2020.
- Nyinnkjøpt **sandfeiemaskin** til gater og vegar går kvar dag og me er snart ferdige.



Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Økonomi og næring

Innhald: Rekneskap for 2019; Årsmelding for 2019; Gratis bustadtomt; Økonomiske konsekvensane av Covid-19; Statlege eller kommunale tiltak for næringslivet i samband med Covid-19



- **Rekneskap for 2019** vart vedteke av kommunestyret 14.05.20. Rekneskapet for 2019 viser eit meirforbruk (underskot) på kr 1.183.448. I tillegg var det budsjettert med å sette av kr 1.025.799 til disposisjonsfond i 2019. På grunn av svakt rekneskapsresultat var det ikkje mogeleg å gjennomføre denne budsjetterte avsettinga. Den samla summen på kr 2.209.247 er å sjå på som kommunen sitt re ellee meirforbruk i 2019. Dette resultatet er ikkje tilfredstillande og det vil i 2020 bli sett i gang eit arbeid for å få budsjettet for 2021 i balanse.
- **Årsmelding for 2019** vart vedteke av kommunestyret 14.05.20. Årsmeldinga inneheld informasjon om det viktigaste kommunen har utført i 2019. Sjølve dokumentet finn du på heimesida.
- Det er framleis mogleg å få ei **gratis bustadtomt** av kommunen. Det er laga ein presentasjon av dei kommunale bustadtomtene på kommunen si heimeside. Her kan ein finne meir informasjon og bilete frå kvart enkelt tomtefelt ved å trykke på linkane. Vilkår for å få gratis tomt er også lista opp der.
- Per no har ikkje kommunen full oversikt over **dei økonomiske konsekvensane av Covid-19**, men kommunen har fått om lag kr 1,1 mill. i ekstraløyving frå Staten som kompensasjon for bortfall av skatteinntekter og barnehage-/SFO-inntekter. Dei økonomiske konsekvensane vil bli kartlagt i meir detaljert grad på eit seinare tidspunkt.
- Kommunen sitt næringsapparat, med Setesdal Vekst i spissen, har hatt løpande dialog med næringslivet i samband med Covid-19. Næringsdrivande kan og kontakte kommunen viss dei treng hjelp med å søkje på dei **statlege kompensasjonsordningane** eller ønskjer **betalingsutsetting på kommunale krav**. – For å be om betalingsutsetting må de sende ein skriftleg søknad til post@bygland.kommune.no.

For å ta kontakt med Setesdal Vekst send e-post til setesdalvekst@gmail.com

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Etter halvannen måned med heimeskule, opna småskulen og SFO samstundes, 27. april, medan mellomtrinnet og ungdomsskulen opna først 11.mai. Vi er glade for at det blei litt vanleg skule før sommarferien. Også på skulen og SFO er det nye reglar for kven som kan vere saman, korleis ein kan vere saman, og nye rutiner for handvask og hygiene.

Barn, tilsette og føresette har gjort ein kjempeinnsats for å kome gjennom denne våren med mange krevjande endringar. Fleire endringar kjem til å kome, men ein ventar at kvardagen gradvis blir meir som vi var vande med før koronabrotet. Samstundes har situasjonen lært oss mykje, både om moglegheiter i den digitale verda, om å leie og organisere seg sjølv, om smittevern, og om korleis alle sine bidrag tel eit dugnadssamfunn. Dette tar vi med oss vidare!

Det kjem til å kome fleire endringar før oppvekstsentra tar ferie, og vi held brukarar oppdaterte undervegs.

Siste skuledag i år er torsdag 18. juni.

Smitteverntiltak i barnehagar og skolar

Folkehelseinstituttet har kome med ei nivåinndeling av smitteverntiltak med grønt, gult og raudt nivå som viser kva smitteverntiltak barnehagar og skolar skal følge.

Det er den generelle smittesituasjonen i Noreg som avgjer nivået vi skal følge. Regjeringa har i pressemelding 27. mai 2020 informert om at det er forsvarleg å nedjustere smitteverntiltaka frå raudt til gult nivå frå 2.6. Kommunen vil få på plass rutinar og tiltak i barnehagen i tråd med oppdatert veileder i løpet av veke 23



Kultur

Bygland folkebibliotek sommarstengt

Sommarferien på biblioteket blir vekene 28 til og med 32.

Siste biblioteksdag der du kan låne bøker er torsdag 02.07.

Biblioteket opnar att igjen på måndag 10.08.



Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

tilfelle. Nokre gonger kan det vere at gåva/tilsv. må desinfiserast eller vere ei tid i karantene før bebuaren får gåva.

- Om besøkjande har med mat må denne vere klar til servering. Alle som er til stades må utføre handhygiene før ein eter.
- Ved slutten av besøket kontaktar besøkande tilsette ved å ringe tlf. nr. 94532942 eller ved å avtale ønskt tidsbruk. Tilsette følgjer besøkande når besøket er slutt.

Etter besøk:

- Felles berøringspunkt på besøksstad og ytterdør blir desinfisert av den tilsette som følgjer besøkande ut etter besøket.
- Reinholdspersonale gjer reint på besøksstaden før kvar besøksdag.
- Besøkande skal gjerast kjent med at dei ved symptom på Covid-19, skal opplyse om at dei har vore på besøk i institusjon som del av smittesporinga.

Avsluttande merknadar:

Kommunen vil fortløpande vurdere situasjonen og justere desse retningslinene ut frå kva som er behovet. Om smittesituasjonen blir markant forverra, vil ein vurdere å innføre besøksforbod igjen.

Oppvekst

Oppvekstsentra i Bygland

Etter ei lang tid med ein annleis kvardag, er barnehage, SFO og skule i sving att. Det var mykje gjensynsglede blant både vaksne og barn!



Barnehagen har vore open sidan 22. april, med noko avgrensa opningstid. Ungane har vore delt inn i faste smågrupper, og vi har fordelt oss for å halde rett avstand. Nokon har prøvd seg på utebarnehage, andre har fått prøve Årdalshallen som barnehagelokale. Små hender har blitt vaska oftare enn vanleg, og det er ein del ting ein ikkje har kunne gjere, og kanskje ein ikkje kunne leike med dei ein er vant til å leike med.

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Plan og utvikling

Spørjeundersøking om transport og tilgjengelegheit i Setesdal og Åseral

Setesdal Regionråd og kommunane i Setesdal jobbar for tida med eit prosjekt som skal belyse transporttilbod, tilgjenge og mobilitet i Setesdal og Åseral.

Vi ønskjer å sjå på dagens tilbod og bruk, og korleis dette kan bli betre.

Prosjektet er eit stort EU prosjekt og har namnet MARA, som er ein forkorting for «Mobility and Accessibility in Rural Areas». Hensikta med prosjektet er å peke på løysingar som gjer mobiliteten betre i spredt bebygde strøk, og gir innbyggjarane eit betre og meir tilrettelagt tilbod.

Mogelege nye løysingar som kan vurderast er bruk av bil-deling, buss eller anna transport på førespurnad, el-sykkel og el-lastesykkel mm.

Setesdal Regionråd og den enkelte kommune vil i desse dagar sende ut ein spørjeundersøking der man ønskjer svar på kva innbyggjarane meiner om dagens transporttilbod, kva dei meiner kan forbetrast og kva nye løysingar dei ser for seg kan fungere i Setesdal.

Undersøkinga vil føregå fram til 12. juni og vil bli sendt ut som ein link via SMS. Eller du svarer direkte på nettet:

<https://response.questback.com/isa/qbv.dll/ShowQuest?QuestID=5467315&sid=rTWGx27bw4>.

For dei som vil svare på skjemaet manuelt så kan dette hentast på kommunens servicekontor etter førespurnad. Alle svar er anonyme.

Meir informasjon om MARA-prosjektet og kontaktinformasjon:
<http://www.setesdal.no/mara-mobility-and-accessibility-in-rural-areas.6261925-512343.html>

eller på MARA sin nettside (på engelsk): <https://www.mara-mobility.eu/>



Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Helse

Koronatelefon

Bygland kommune samarbeider med Evje og Hornnes kommune om "Koronatelefon"

Telefonen er bemanna av helsesjukepleiarar, og her kan du som innbyggjar kome med helserelaterte spørsmål i forhold til korona; alle vekedagar frå kl. 09.00 – 12.00 og kl. 13.00 – 15.30
Telefonnummeret er **911 24 143**



Meld frå om du er i karantene!

Alle som er i karantene i høve dei nasjonale retningslinene må melde frå til kommunen.

Vi ønskjer fortrinnsvis beskjed på e-post, men er og tilgjengelege på telefon.

E-post: jorunn.tveiten@bygland.kommune.no; tlf. (09.00 – 18.00): 911 10 075

Vi gjer merksame på at dette telefonnummeret kun er for registrering av karantenetilfelle. Det er ikkje muleg å få svar på medisinskfaglege spørsmål!

Les meir om karantene og isolering på Folkehelseinstituttet sine nettsider [fhi.no](https://www.fhi.no)

Pleie og Omsorg

Nye retningslinjer for besøk ved kommunale helseinstitusjonar

Med bakgrunn i tilrådingar frå Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet, er besøksforbodet ved kommunen sine helseinstitusjonar oppheva med verknad frå og med 02.06.2020.

Det er viktig å presisere at det framleis er restriksjonar rundt besøkssituasjonen. Basert på nasjonale tilrådingar har Bygland kommune utarbeidd følgjande retningslinjer for besøk:

Lenke til nasjonale tilrådingar finn du her:

<https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/helsepersonell/sykehjem-og-smittevern-mot-covid-19/>



Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Overordna retningslinjer:

- **Kven kan besøke:** Nær slektning eller god ven, avgrensa opp til 3 personar utan symptom og som ikkje har vore i kontakt med kjent smitte. Personane må ha oppheldt seg i Noreg dei siste 11 dagane.
- Avtal besøk på førehand ved at ein ringer til avdelinga for å avtale tidspunkt:
Telefon Byglandsheimen: 94532942
- Besøksdagar og -tid:
 - måndag: kl. 16.30 - 18.30
 - onsdag: kl. 16.30 - 18.30
 - laurdag: kl. 16.00 - 18.00
 - Omfanget av dette vil bli evaluert og tilpassa behovet.
- Tidsramme for kvart besøk er inntil 30 minutt.
- Besøket blir gjennomført på eigen besøksstad på sjukeheimen. For bebuarar i omsorgsbustader kan besøket skje i leilegheit.
- Det blir ført logg over besøkande av omsyn til framtidig smittesporing. Loggen vil bli handsama i tråd med gjeldande retningslinjer for personvern (GDPR).

Under besøk:

- Tilsette henter besøkande ved hovudinngang og følger med til besøksstaden.
- Besøkande utfører god handhygiene før og etter besøk. Handdesinfeksjon er tilgjengeleg ved hovuddør, samt på besøksstaden.
- Tilsette informerer besøkande korleis dei best kan beskytte seg sjølve og pasienten mot smitte ved å halde minst 1 meters avstand til andre, gå direkte til besøksstad og ikkje opphalde seg i fellesareal.
- Om det ikkje er mogleg å halde minimumsavstand på 1 meter og unngå fysisk kontakt må besøkande ha på seg munnbind, hanskar og smittefrakk under besøket.
- Bebuarane kan få gåver, blomar o.l., men dette må tilsette ta imot når ein møter opp. Det vil då bli gjort ei smittevernsvurdering i kvart enkelt

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117